

## PLANPROGRAM

- Strategisk næringsplan for Stranda kommune –



Stranda



Sunnylven



Liabygda



Geiranger

Sist revidert: xx.xx.xxxx

Varsel om oppstart: xx.xx.xxxx

Stadfesta i formannskapet: xx.xx.xxxx

6. juli 2018

---

### Innhold

Innleiing .....	2
Kva er ein strategisk næringsplan?.....	2
Kva er eit planprogram? .....	2
Tittel på planen.....	2
Om planen.....	2
Plantype og avgrensing av planen.....	2
Oppbygging av planen .....	3
Forankring av SNP i kommunalt planarbeid.....	4
Mål.....	4
Hovudmål .....	4
Delmål.....	4
Langsiktige mål .....	4
Kortsiktige mål.....	4
Målgrupper.....	5
Organisering .....	5
.....	5
Styringsgruppe.....	6
Referansegruppe .....	6
Prosjektgruppe/Arbeidsgruppe.....	6
Informasjon og medverknad .....	6
Utgreiingsbehov .....	6
Nasjonale, regionale og lokale rammer for arbeidet .....	6
Prosessreglar .....	6
Nasjonale føringer .....	7
Regionale føringer .....	7
Kommunale føringer .....	8
Framdriftsplan .....	8
Finansiering av planarbeidet .....	8

## Innleiing

Stranda kommune har ikkje ein gjeldande strategisk næringsplan (heretter: SNP). Det er i *Planstrategi for 2016-2020* (Sak 15/1182) av 28.11.2016 fremja forslag om å starte arbeidet med å utarbeide SNP i 2017. Denne planstrategien har vore ute på høyring og er klar for godkjenning. Dette betyr at kommunen har hatt ambisjonar på dette feltet, men førebels ikkje har sett dei ut i livet.

Dei aller fleste kommunar i Møre og Romsdal har ein SNP; nabokommunen Norddal fekk utarbeidd sin plan i 2016 og Sykkylven er i gang med arbeidet.

## Kva er ein strategisk næringsplan?

Ein SNP avklarar kva for *mål, tiltak, ansvar og roller* kommunen som verksemd og næringslivet har i høve næringsutvikling.

Ein SNP skal normalt rullerast kvar kommunevalperiode.

## Kva er eit planprogram?

Eit planprogram er eit verktøy som skal sikre tidleg medverknad og avklaring av viktige omsyn som må takast i arbeidet med ein kommunedelplan. Planprogrammet skal definere føremålet med planarbeidet, peike på viktige problemstillingar/utfordringar, behov for utgreiingar og skildre korleis planarbeidet er tenkt gjennomført.

Eit plangram skal leggast ut på offentleg ettersyn for at interesserte skal få høve om å kome med innspel og synspunkt til programmet før det vert fastsett av kommuneplanutvalet (KPU). Når det endelige planprogrammet er fastsett, kan arbeidet med *Strategisk næringsplan* starte.

## Tittel på planen

Tittelen skal vere *Planprogram for strategisk næringsplan, Stranda kommune.*

## Om planen

### Plantype og avgrensing av planen

SNP skal ha status som **kommunedelplan**, og skal forankrast i planstrategien for Stranda kommune.

Dette betyr at SNP også skal vere eit viktig grunnlagsdokument for, og samspele med, anna overordna planverk (økonomiplan, kommuneplan, samfunns- og arealdel).

## **Oppbygging av planen**

Planen skal ta for seg følgjande hovudpunkt:

### **Analysedel:**

- Kva kjenneteiknar næringslivet i Stranda kommune
- Sterke og svake sider ved næringsliv og næringsstruktur
- Behovet for tilrettelegging m.o.t. vidare næringsutvikling og nyetableringar

3

### **Organisering av arbeidet med næringsutvikling:**

- Nosituasjon (organisering, bemanning, ressursbruk)
- Politisk involvering i næringsutvikling
- Modellar frå andre kommunar
- Roller
- Arenaer for samhandling mellom bedrifter og kommune

### **Bedriftsretta næringsutvikling:**

- Ansvar og roller
- Behov og prioritering
- Verkemiddel
- Ressursbruk

### **Generell nærings- og bygdeutvikling:**

- Ansvar og roller
- Behov og prioritering
- Verkemiddel
- Ressursbruk

### **Handlingsprogram 2018-2020:**

### **Prioritering av oppgåver:**

- Årlege tiltak 2018-2020 med stipulerte kostnader

## Forankring av SNP i kommunalt planarbeid

Stranda kommune har utarbeidd forslag til «*Kommunal planstrategi 2012-2016*» (Arkivsak 15/1182). I denne planen står utarbeiding av strategisk næringsplan oppført som prioritert oppgåve i 2017.

## Mål

### Hovudmål

Målet med SNP er å definere felles, overordna mål og tiltak for utvikling av næringslivet i kommunen og planen skal fungere som eit overordna styringsverkty for prioritering av desse tiltaka.

### Delmål

Ein SNP har mange delmål:

- Å definere og avgrense kva kommunen legg i omgrepet næringsutvikling
- Å forplikte kommune, næringsliv, lag og organisasjonar i arbeidet med næringsutvikling og fungere som ein gjensidig bindane plan for utvikling av næringslivet
- Fungere som næringspolitisk verkty i og for kommunen
- Medverke til å oppretthalde eksisterande og og styrke grunnlaget for nye arbeidsplassar
- Gi relevant informasjon til etablerarar og etableringar
- Involvere innbyggjarar, verksemder, lag/organisasjonar og ungdomsrådet i arbeidet med næringsutvikling
- Gi innspel til og spele saman med den delen av kommuneplanen (samfunnsdel, men også arealdel) som gir premissar for næringsutvikling
- Avklare kommunen sitt ansvar og handlingsrom innan næringsutvikling
- Gi føringar for bruk av kommunale midlar (t.d. kommunalt næringsfond)
- Vere ein lekk i marknadsføringa og omdømebygginga av både kommune og næringslivet her

Det kan vere tenleg å skilje mellom kortsiktige og langsiktige mål:

### Kortsiktige mål

SNP for Stranda kommune skal medverke til:

- å skaffe oversikt og dokumentere dagens status for næringslivet og utfordringane i nær framtid
- å få utarbeidd strategiar som kjem næringslivet sine behov i møte
- å dyktiggjere kommunen som tilretteleggjar for næringslivet

### Langsiktige mål

SNP for Stranda kommune skal medverke til:

- optimal samhandling mellom kommune og næringsliv

- ei langsiktig utvikling av næringslivet som er mest mogleg i tråd med næringslivet sine behov
- å gjere Stranda kommune til ein attraktiv kommune å etablere seg i, både for bedrifter og personar


## Målgrupper

Dei primære målgruppene for SNP er det private næringslivet, kommuneorganisasjonen (særleg repr. for plan- og utvikling, næring, eigedom og kultur) og lag- og organisasjoner.

Ein kommunedelplan skal understøtte visjon og mål i kommuneplanen. Stranda kommune har ein svært gammal kommuneplan. Ein ny er under arbeid. Arbeidet med SNP og revisjon av kommuneplan vil difor i dette tilfellet skje parallelt og bli samordna.

## Organisering

Prosjektet skal organiserast med ei **styringsgruppe**, ei **prosjektgruppe/arbeidsgruppe** og ei **referansegruppe**.



## **Styringsgruppe**

Formannskapet (FOR) /Kommuneplanutvalet (KPU) utgjer den politiske styringsgruppa. Administrasjonen vel ei arbeidsgruppe som skal lage eit utkast til SNP, heretter nemnd som Prosjektgruppe/Arbeidsgruppe.

## **Referansegruppe**

Gruppa vil bli nemnt opp og sett saman etter behov.

6

## **Prosjektgruppe/Arbeidsgruppe**

Gruppa skal ha medlemmer frå lokalt næringsliv, ungdomsrådet og relevante lag/organisasjonar.

## **Informasjon og medverknad**

Relevant informasjon om arbeidet med planen skal leggjast ut på heimesidene til kommunen og på sosiale medium.

Informasjon om arbeidet skal kunngjera i Sunnmøringen.

Det er viktig å involvere næringsliv, innbyggjarar, lag og organisasjonar i arbeidet med SNP. Dette skal gjerast ved å trekke dei aktivt inn i arbeidet med planen, jf. kap. om Organisering ovanfor.

Det bør arrangerast informasjonsmøte underveis i arbeidet med SNP der representantar for næringsliv, lag/organisasjonar og innbyggjarane kan kome med innspel. Korleis ein legg opp til medverknad frå lokalsamfunnet meir i detalj, skal drøftast og avgjera av arbeidsgruppa og i samråd med styringsgruppa, men det kan t.d. vere aktuelt å gjere bruk av metodar som kafédialog, idéverkstader, SWOT-analysar m.m.

Pressa skal ha tilgang til informasjon frå arbeidet.

## **Utgreiingsbehov**

Det kan verte behov for å utgreiingsarbeid for visse delar av planen (t.d. analysar av næringsstruktur). Det same gjeld økonomiske konsekvensar i tiltaksdelen.

## **Nasjonale, regionale og lokale rammer for arbeidet**

### **Prosessreglar**

Før planoppstart skal det utarbeidast eit planprogram (dette) som gjer greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakrar, opplegg for medverknad, særleg i

forhold til grupper med særlege interesser i arbeidet med planen, alternativ som vil bli vurderte og behov for utgreiingar. Planprogrammet skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn samstundes med at oppstart av planen vert varsla. Planen skal så vedtakast av rette planmynde etter at høyringsfristen er ute.

Planarbeidet skal følgje reglane om behandling av kommunedelplanar pbl §§ 11-12 og 11-15.

## Nasjonale føringer

- LOV-2008-06-27-71 *Lov om planlegging og byggesaksbehandling* (plan- og bygningslova)
- T-1497 (2011) *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging*

## Regionale føringer

Møre og Romsdal fylkeskommune har utarbeidd retningsliner for fylkeskommunale og regionale planar for næringsutvikling, m.a.:

- Møre og Romsdal fylkeskommune – *Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020* (<https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Fylkesplan>)
- Møre og Romsdal fylkeskommune – *Handlingsprogram til Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020* (<https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Fylkesplan/Handlingsprogram>)
- Møre og Romsdal fylkeskommune – *Handlingsprogram for kompetanse og verdiskaping 2017* (<https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Regional-og-naeringsutvikling>)
- Møre og Romsdal fylkeskommune – *Regional delplan for attraktive byar og tettstader 2014-2020* (<https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regionale-delplanar/Regional-delplan-for-attractiv-byar-og-tettstader>)

Møre og Romsdal fylkeskommune gir gjennom fylkesplanen og *Handlingsprogram kompetanse og verdiskaping 2017* sentrale føringer for næringsutviklinga i fylket og kommunane.

Fylkesplanen skal:

- gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag
- medverke til godt samarbeid og samhandling i fylket

Handlingsprogrammet skal:

- sikre god samanheng mellom plan, verkemiddel og gjennomføring
- konkretisere måla for innsatsområde Kompetanse og Verdiskaping i Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017- 2020
- Vise dei viktigaste utviklingsområda og tilgjengelege tilskotsordningar for å søke økonomisk støtte i 2017

Det er viktig av SNP samsvarar godt med overordna satsingar for fylkeskommunen for å få utløyst midlar på ev. søknader på næringutviklingstiltak.

## Kommunale føringer

SNP skal vere ein overordna plan for den kommunale medverknaden til næringsutviklinga i kommunen. Eventuelle temaplanar og fordeling av kommunale tilskot skal vere i tråd med tiltak nemnt i SNP. Ved fordeling av midlar til andre føremål enn det som står i SNP skal desse vere grunngjeve og handsama i rette politiske instans.

Planar som legg føringer for SNP:

- *Kommuneplan for Stranda 2018-2030 – samfunnsdel* (under arbeid)
- *Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030* (under arbeid)
- *Bustadpolitisk handlingsplan for Stranda kommune* (under revidering)
- *Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2016-2019*
- *Frivilligplan for Stranda 2012-2015*

## Framdriftsplan

Ambisjonen er å kunne legge SNP fram for politisk handsaming i løpet av 1. halvår, 2019.

År	Tid	Kva	Ansvar
2018	Juni-juli	Utlegg, høyring og politisk godkjenning av planprogram	Næringssjef
	August	Etablering av arbeidsgruppe og ev. referansegruppe	Næringssjef/rådmann
	September - november	Arbeid med SNP	Arbeidsgruppe og ev. referansegruppe
	Desember	Høyring av utkast til SNP	Administrasjon
2019	Januar - februar	Justering av SNP på grunnlag av innspel frå høyring	Administrasjon, styringsgruppe, arbeidsgruppe og ev. referansegruppe
	Februar - mars	Godkjenning av plan	MK, KPU, KOM

## Finansiering av planarbeidet

Det er vanskeleg å seie på førehand kor mykje ressursar ein vil trenge til arbeidet. Ein føreset at deltaking frå næringslivet, laga og organisasjonar vert gjort utan kompensasjon utover inndekning av faktiske utgifter.

Det kan bli behov for mindre utgreiingsarbeid og besøk hos aktuelle fagmiljø og andre kommunar. I oppstartperioden tek ein sikte på å dekkje utgiftene frå dei midlane som er sette av som kompensasjon for arbeidet med kommunalt næringsfond (5%). Dersom det vert behov for tilleggsløyvingar ut over dette, vil dette bli søkt om i samband med handsaminga av økonomirapporten for 2. tertial 2018. Vidare arbeid skal dekkast via budsjett 2019.

<b>Utgifter</b>	<b>Beløp (kr)</b>	<b>Inntekter</b>	<b>Beløp (kr)</b>
Administrative ressursar <sup>1</sup>	50 000	Stranda kommune (KNF, 2018) <sup>2</sup>	10 000
Utgreiingsarbeid	20 000	Stranda kommune (KNF, 2019) <sup>2</sup>	10 000
Annonsering	10 000	Tilleggsløyving, ord. bud. (2019)	88 000
Ekskursjonar	20 000		
Div. materiell	8 000		
<b>Sum</b>	<b>108 000</b>		<b>108 000</b>

<sup>1</sup>: 90 t à kr 570,-

<sup>2</sup>: Kompensasjon for administrasjon av KNF [5%] (utgangspunkt: same løyving i 2019 som i 2018, dvs. 200 000 kr)